

Frå arkivet:

Nye kjelder til norsk musikkhistorie

Frå tid til anna tek Nasjonalbiblioteket imot arkivmateriale frå foreiningar som har hatt ei vesentleg rolle i norsk samfunnsliv. Å ta hand om eit slikt stort arkivmateriale er ikkje vesentleg berre av omsyn til historia til institusjonane våre. Det viser seg gjerne at dokument frå eit foreiningsarkiv kastar lys over langt meir enn den aktuelle institusjonen sitt indre liv. Biletet vårt av norsk kultur- og samfunnshistorie blir utdjupa. Derfor er det viktig at materialet blir tilgjengeleg for interesserte gjennom ordning og registrering.



ANNE JORUNN
KYDLAND
Førsteamanuensis
Norsk Musikkksamling
Nasjonalbiblioteket

La oss ta eit døme: Mannskoret Den norske Studentersangforening (Universitetet i Oslo) er rekna for å vere det eldste fast organiserte, offentlege koret i Noreg, stifta sommaren 1845. Det er framleis i god vigør: Sist sommar vart koret «olympisk meister» under ein stor konkurranse i Kina der 400 kor deltok. Innhaldet i det store arkivet som biblioteket har teke imot frå dette koret, viser at foreininga har fungert som eit kraftsentrum og utløyst mykje positivt i nordisk kulturliv gjennom 160 år. Arkivet inneheld brev, bøker, utklippsbind, protokollar, fotografi, program, musikkmanuskript og trykte notar. Vi tek nokre stikkprøver:

I 1878 fikk studentsongarane våre det ærefulle vervet å lansere norsk mannskorlitteratur under verdsutstillinga i Paris. Utklipp frå ikkje mindre enn 27 franske aviser viser kor stort inntrykk norske komposisjonar og norsk song gjorde. Ein annen protokoll, som inneheld klipp frå foreininga si vidgjetne reise til det norske Amerika kring unionsoppløysinga 1905, viser at pressa her heime òg følgde koret sine aktivitetar forbløffande tett.

I ei tid som mangla offentlege velferdsordningar, fikk t.d. Den norske Studentersangforening mange førespurnader frå privatpersonar og foreiningar som sårt trong økonomisk stønad. Mange konsertar vart haldne med eit godgjerande formål for auge. Koret sin referatprotokoll frå 1864 fortel at 1500 menneske lytta til ein såkalla «12 Shillings»-konsert studentsongarane heldt. Konserten vart halden til inntekt for Dybbøl kyrkjelyd som hadde behov for hjelp etter den dansk-tyske krigen same vår.

75-årsjubileet i 1920 fekk ei omfattande markering ved at eit stort nordisk songarstemne vart organisert i Kristiania 20.–23. juni. Dei mannlege studentkora i København, Uppsala og Lund med representantar frå studentsongmiljøet i Stockholm og Göteborg, på Island og i Finland vart inviterte. Ein rikhaldig korrespondanse og lange deltakarlistar viser at dette var eit stemne som kravde mykje førebuing, og så vel statsleiarar som viktige kulturpersonar i samtida var inkluderte mellom gjestene. Dei svarbrevne vi har funne, illustrerer at når det

eldste mannskoret i landet jubilerer og feira dette med ein songfestival, var det ei vesentleg kulturell hending. Det dreier seg om handskrivne brev og brevkort til jubileumskomiteén i koret frå til dømes Nina Grieg, Karoline Bjørnson, Wilhelm Krag, Johan Bojer, Peter Erasmus Lange-Müller, Henrik Pontoppidan, Thorvald Lammers, Wilhelm Stenhammar – og statsminister Gunnar Knudsen.


Ein viktig del av arkivet etter Den norske Studentersangforening utgjer dei dokumenta som har vore i eige hos Sigurd Torkildsen. I den perioden han var dirigent for songforeininga (1929–1961), arbeidde han oppmuntrande overfor ei rekkje samtidskomponistar (til dømes Sparre Olsen, Eivind Groven, Fartein Valen, Edvard Fliflet Bræin, Geirr Tveitt) og inspirerte dei til å skrive nye verk for mannskor. Vi har arkivert 122 brev han tok imot frå 11 av komponistane. I breva kjem det fram at Torkildsen har hjelpt dei i høve til institusjonar og forlag, og vore positiv og gitt kyndig respons på verka deira, og det sette til dømes den einsame Fartein Valen stor pris på.

Den store mengda fotografi som har vore foreininga sin eigedom, har vore lånt ut til Universitetet i Oslo for digitalisering til Universitetshistorisk fotobase. Basen inneheld samlingar av universitetshistoriske fotografi og skal på sikt bli ein del av Museum for universitets- og vitskapshistorie. Delar av basen skal òg med tida bli gjort tilgjengeleg på nettet. Nasjonalbiblioteket vil, som ein del av avtalen, få kopi av biletfilene. Fotobasen vil utgjere ein ressurs når Forum for universitetshistorie publiserer det store bokverk sitt til universitetsjubileet 2011.



17. MAI I OSLO EIN GONG I 1950-ÅRA: Den norske studentersangforening på veg til søylehallen i universitetet for å syngje. Dirigent Sigurd Torkildsen går mellom songarane (bak bannerberaren til høgre). Tradisjonane med mannskor song frå aulatrappa tok til under 50-årsjubileet for grunnlova 17. mai 1864. Ei stor menneskemengd fekk høyre «Ja, vi elsker» (Bjørnstjerne Bjørnson / Rikard Nordraak) for første gong.

Ukjent fotograf; arkivet etter Den norske Studentersangforening, NB.



Fartein Valen hadde ein innsiktsfull venn i Den norske Studentersangforening sin dirigent Sigurd Torkildsen. Det kjem fram av Valens breva som Nasjonalbiblioteket har fått frå denne foreininga. Fartein Valen var tilsett som lesesalsinspektør i Norsk musikksamling 1927–1936, med teneste to gongar i veka, vel det einaste arbeidet som gav han regelmessig inntekt (80 kroner i månaden). Brevet i faksimile er datert Mallorca, 1.4.1933.

From the archives: New sources of Norwegian musical history

Every now and then, the National Library receives archive material from organisations that have had considerable influence on Norwegian public life. Safeguarding such archives is not only important with regard to the history of our institutions. In addition, documents in an organisation's archive often shed light upon the very workings of that organisation. Our picture of Norwegian cultural and social history is thus enriched. This is why it is important to make the material accessible for interested parties, through organisation and indexing.

One example is the Norwegian Student Choral Society (University of Oslo) which is considered to be Norway's oldest organised public choir, established in the summer of 1845. The content of the large archive that the National Library has received from this choir shows that the Society has functioned as a centre of power and has been positive for Nordic cultural life for 160 years. The archive contains letters, books, scrap-books, protocols, photographs, programmes, musical manuscripts and printed music.